



# Leigeavtale

## BERGTUN

Denne leigeavtala må vera utfylt og HIL i hende seinast 1 veke før leigedato.

Ansvarleg legetakar:	
Ev. anna kontaktperson:	
E-postadresse:	
Mobiltelefonnummer for automatisk låseteneste:	
Fakturaadresse:	
Datoar for leige:	
Veslesalen/Heile huset?	
Føremål med leiga (kva skal huset brukast til):	
Vil de vaske sjølv /betale for vask?	
Avtalt pris jf. satsar ( neste side)	
Øvrige utleievilkår, sjå s. 2-3	

Me/eg leiger Bergtun på dei vilkåra som kjem fram av denne leigeavtala (sjå s. 2)

Underskrift av legetakar (dato/namn):

---

Kontaktinfo HIL/Bergtun:

Tinging (booking):

Olaug Åbø, Åbøvegen 55, 3690 Hjartdal. Tlf.: 90 66 77 94.

e-post: [bergtun@hjartdalil.no](mailto:bergtun@hjartdalil.no)

**www.hjartdalil.no**

**Prisar:**

Dag gjeld i alle høve frå kl. 00.00 – kl. 24.00.

<b>Storsal, veslesal, kjøkken og garderobe</b>	
1 dag	1000 kr
2 dagar	1500 kr
3 dagar	2000 kr
Tillegg for vask, ordinært	1000 kr
Tillegg for vask e. storfest	2000 kr

<b>Veslesal, kjøkken og garderobe</b>	
1 dag	500 kr
2 dagar	750
Tillegg for vask	750 kr

Når det ikkje er betalt for vask, føreset HIL at lokala er vaska som forklart under, til avtalt tid.  
Om dette ikkje er gjort, vil HIL fakturere for vask.

**Inn- og utlåsing:**

Leigetakar blir lagt inn på den telefonbaserte låsetenesta for Bergtun i leigeperioden (avtalte datoar). Ein låser da opp og att ved å sende SMS med Av og På til telefonnummer 26177.

**Føresetnader for leige:**

Maks tal gjester i Veslesalen og Storesalen til saman: 110 personar (75 + 35).

Ansvarleg leigetakar skal vera over 25 år.

Ved større ungdomsfestar må det vera minst 2 namngjeve ordensvern;

1) Namn/Tlf \_\_\_\_\_

2) Namn/Tlf \_\_\_\_\_

Leigetakar er ansvarleg for at tal ordensvern eller ev. profesjonelt vakthald står i samsvar med tal deltakarar på arrangementet, og at lovpålagede sider ved arrangementet er teke hand om.

Til orientering skal Politiet ha eit førehandsvarsle ved større festar/ungdomsarrangement.

**Forholdsreglar og erstatningsansvar:**

**Leigetakar må koste ev. utrykking ved utløsing av brannalarm.**

Ved større festar tilrar ein at måleri og rosemåla bollar blir låst inne i garderobe nede.

Ansvarleg leigetakar må melde i frå om noko skulle bli øydelagt/knust. Erstatning må pårekna (f.eks. 1700 kr per bord, 500 kr per stol).

**Leigetakars plikter:**

- **Setja seg inn i branninstruks, plassering av naudutgangar og brannslokkingssapparat.**
- Rydde all søppel og ta med alt tomgods. Det er container ute på parkeringa. Det skal ryddast både inne og ute rundt huset (sneipar etc. framfor inngangen må også plukkast opp).
- Ev. oppvask må vere teke, og servise/bestikk sett attende i skåp og skuffar.
- Stolar og bord skal stablast og leggast i skuffane under scena (eller setjast langsmed veggane). *NB: Vask stolar og bord som er blitt skitne.*
- Papir og såpe må fyllast på. Lager er i kottet på kjøkkenet.

Instruks for bruk av oppvaskmaskin og reingjering av kjøkken heng på kjøkkenet.

Vaskeutstyr, søpleposar etc. er å finne på kjøkkenet og i kottet ved sida av.

#### **Når leigetakar skal vaske sjølv:**

- Alle overflater skal vera vaska.
- Alle brukte golv skal vera vaska. NB: Alle golv skal berre vaskast med varmt vatn, ikkje såpe.
- Moppane må ein vri godt opp når ein vaskar (ikkje skvett vatn utover). Byt mopp ofte.
- Toaletta skal også vaskast, inkl. servantar og klosett.
- Leigetakar må sjølv vaske brukte moppar og klutar (bruk gjerne vaskemaskina på huset, eller gjer det heime og lever attende straks).

#### **Diverse praktisk info:**

- **Kjølerommet:** Dersom de skal bruke kjølerommet, hugs å siå det på straks du kjem/ev. få gjort det på førehand. Det tek litt tid før det blir kaldt.
- **Oppvaskmaskina:** Treng lang tid til oppvarming (ca. 1 t). Pass på at kolben sit heilt ned. Fylg elles instruksen som heng ved maskina. **NB: Hugs å slå av vatnet før de går.**
- **Ventilasjon:** Sjå instruksjon bak kjøkkendøra. Bør skrus på når det er mykje folk til stades, Ventilasjonsanlegget må ikkje skrus på utan at ventilane i salen er opne (vanlege ventilar med snor). **NB: Lat att ventilane, og skru av ventilasjonen før de går.**
- **Vask:** Leigetakar/brukar eller ev. Husstyret mot betaling til HIL, jf. satsar (dugnad). Dette må ev. avtalast i god tid på førehand. NB: Gjeld også når kommunen eller andre organisasjoner låner huset.
- **Brøyting/strøying av veg og p-plassar:** Olav Skårnes, tlf. 90731102. Han brøyter den vestre innkjøringa og parkeringa samt framom huset på fast basis. Leigetakar/brukar må sei frå om det skal brøytaast større plass nokre dagar i førevegen, ta direkte kontakt med brøytar.
- **Måking/strøying av trapp og handicap-inngang:** Leigetakar/Brukar